



Kinn kommune
Storevatn barnehage

STOREVATN BARNEHAGE

ÅRSPLAN
2026



E-POST: nina.steindal@kinn.kommune.no
ADMINISTRASJON: 577 410 90 / 48 01 31 45

TROLLFJELL:	480 13 146
TERTITTEN:	480 13 147
LØVETANNA:	480 13 148
SKOGMUSA:	480 13 149
FRILUFTSGRUPPA:	480 13 150

Innhold

1.	INNLEIING.....	2
2.	OM BARNEHAGEN STOREVATN BARNEHAGE.....	3
2.1	Organisasjonen	3
2.2.	Barnehagen sitt særpreg og satsingsområde i 2026	4
3.	BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM	5
3.1.	Barnehagen sin visjon.....	5
3.2.	Omsorg	5
3.3.	Leik og læring	6
3.4.	Venskap, fellesskap og danning	6
4.	BARNES MEDVERKNAD	7
5.	BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD	7
5.1.	Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering	7
5.2.	Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy	7
6.	SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE	8
6.1.	Det viktige samarbeidet	8
6.2.	Foreldreråd og foreldrearbeidsutval (FAU)	8
6.3.	Samarbeidsutval (SU)	9
7.	TILVENNING OG OVERGONGAR	9
7.1.	Når barnet begynner i barnehagen	9
7.2.	Samarbeid i barnehagen og mellom barnehagar	10
7.3.	Overgang frå barnehage til skule og SFO	10
8.	LINK TIL NYTTIG INFORMASJON.....	11
9.	VÅRE TILSETTE	12
9.	ÅRSKALENDER	14

1. INNLEIING

Barnehagane i Kinn kommune vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter. Rammeplan for barnehagen er ei forskrift som gjev føringar for innhald og oppgåver i barnehagen, og er eit viktig verktøy i arbeidet vårt.

Barnehagen sitt samfunnsmandat, Lov om barnehagar § 1, er å ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø til barna sitt beste. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med barna sine heimar.

Barnehagane i Kinn kommune

Lokale vedtak gjort av Kinn kommunestyre er òg styrande for drifta og innhaldet i dei kommunale barnehagane. Dette er synleggjort i Kinn kommune sine årlege budsjett og verksemdsplanar. Desse dokumenta er tilgjengeleg på www.kinn.kommune.no. I Kinn skal alle barn vere inkludert i fellesskapet. Dei vaksne har ansvaret og skal jobbe for eit raust og inkluderande oppvekstmiljø for alle barn og unge, der mangfaldet og menneskeverdet vert ivareteke og ulikskapar akseptert og verdsett. Fokuset vert retta mot arbeid med gode psykososiale fellesskap på alle arenaer forankra i fellesskapande leik, aktivitetar og undervisning. Vaksne, barn og unge vil saman fremje helse, trivsel og læring og forebygge mobbing, utanforskap og krenkingar.

(Temaplan for oppvekst, kinn.kommune.no).

Årsplanen

Årsplanen er personalet sitt arbeidsreiskap, og den dokumenterer val og grunngjevingar i det pedagogiske arbeidet og synleggjer progresjon i barnehagen sitt innhald. Det vert i tillegg utarbeidd detaljerte fagplanar og månadsplanar. Månadsplanane vert send til foreldra i IST og synleggjer bl.a. korleis barnehagen arbeider for å nå måla innanfor dei tema vi til ei kvar tid arbeider med. Gjennom planane våre får foreldre innblikk i barnehagen sitt pedagogiske arbeid, og kan sjå samanheng mellom dei konkrete aktivitetane i barnehagen og overordna mål i Rammeplan for barnehagen. Siste side i årsplanen har og ein årskalsender med nyttig informasjon til foreldre og føresette i barnehagen.

Fagleg ansvarleg for årsplanen

Nina Steindal

Årsplanen er vedtatt i barnehagens samarbeidsutval

07.01.2026



2.1 Organisasjonen

Storevatn barnehage ligg i Florø sentrum, med kort gåavstand til Florø barneskule og Flora vidaregåande skule. Sjølv om vi er ein sentrumsbarnehage ligg vi godt skjerma i frå både trafikk og støy, og vi er omringa av frodig natur i landlege omgjevnadar. Storevatnet, turstiar og skogområder ligg som eit smykke rundt barnehagen vår. Vi er organisert i 5 avdelingar, og i år har vi 78 barn hos oss. To småbarnsavdelingar, to mellomavdelingar, og ei friluftsgruppe der dei eldste barna går sitt siste år i barnehagen før dei skal vidare i skulen.

- Avdeling Tertitten og Løvetanna (1-2 år)
- Avdeling Trollfjell og Skogmusa (3-4 år)
- Friluftsgruppa(5-6 år)

Bemanning og kompetanse

Vi følgjast bemanningsnorma som krev minst ein vaksen per tre barn under tre år, og ein vaksen per seks barn over tre år. I barnehagen vår har vi 10 pedagogar, 5 fagarbeidarar, 4 assistentar og faste vikarar som kjenner barna og barnehagen godt. Vi har pedagogar med vidareutdanning innan rettleiing, spesialpedagogikk, språk og sertifisering i TIBIR.

Administrasjonen består av styrar med barnehagelærer- og styrarutdanning, med vidareutdanning i rettleiing, endring- og utviklingsarbeid og psykososialt arbeid i barnehage og skule. Assisterande styrar med barnehagelærerutdanning og vidareutdanning i rettleiing. I tillegg er vi praksisbarnehage for Høgskulen på Vestlandet, og vi samarbeider med NAV, Florø vidaregåande skule og Florø ungdomsskule om elevar/studentar i praksis.



2.2. Barnehagen sitt særpreg og satsingsområde i 2026

EIT GODT OG INKLUDERANDE LEIK- OG LÆRINGSMILJØ

Rammeplan for barnehagen seier at personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leikar og materiell er tilgjengeleg for barna. Personalet skal fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leiken. Å legge til rette for eit godt inkluderande leik- og læringsmiljø er framleis Storevatn barnehage si hovudsatsing. Vi er opptekne av å skape gode fysiske leik- og læringsmiljø som motiverer og inspirerer barna til leik, samspel og utforskning. Ved å sette av tid til leiken og vere aktivt til stades saman med barna får barna gode moglegheiter til å utvikle og stimulere sine språklege og sosiale ferdigheiter.



I tillegg til dette vil vi i 2026 styrke arbeidet med språk og leselyst. Regjeringa har peika på leselyst som ei nasjonal satsing, og vi vil bidra til dette ved å skape gode leseopplevingar i barnehagen. Gjennom høgtlesing, forteljingar og tilgang til variert litteratur vil vi vekke nysgjerrigheit og glede ved språk og tekst. Personalet vil bruke UDIR si ressurspakke Språkløype for å auke kompetansen på språkstimulering og lesing, slik at vi kan gi barna eit rikt og inspirerande språkmiljø.

Verdiane tryggleik, trivsel og tillit står framleis sentralt hos oss, og vi er samde om at dette er grunnleggande verdiar som er avgjerande for barn si læring og utvikling. Det vil då vere viktig at dei vaksne er til stades saman med barna, vektlegg barna sine perspektiv, er nærverande, lyttande og tar seg god tid til leik, samtale, lesing og undring saman med barna. Slik støttar vi barna til å verte den beste utgåva av seg sjølv!

I 2023 gjekk Storevatn barnehage inn i eit prosjektsamarbeid med HVL med satsing på gode inkluderande leik- og læringsmiljø. Vi har sidan då arbeidd systematisk med utvikling og kompetanseheving, med særskilt fokus på dei vaksne si rolle i barna sin leik og det å skape gode fysiske leikemiljø. I 2026 byggjer vi vidare på dette arbeidet, og inkluderer språk og leselyst som ein

naturleg del av satsinga. Alle dei tilsette i dei ulike team tar del i kollektive læringsaktivitetar og følgjer ein framdriftsplan for å sikre ei felles forståing og at vi jobbar mot same mål.

3. BARNEHAGEN SI PEDAGOGISKE PLATTFORM

3.1. Barnehagen sin visjon

Visjonen til Storevatn barnehage er "leiestjerna" i arbeidet vårt

Læringsmiljøet i Storevatn barnehage byggjer på **tryggleik, trivsel og tillit**. Vi er ein barnehage som gjennom god organisering av tid, rom og vaksne ønskjer å gje barna gode kvardagsopplevingar. Vi som arbeider her har ei grunnfesta anerkjennande og støttande haldning, og vi viser respekt for barn, kollegaer og foreldre. Difor torer alle å by på seg sjølv, bruke sine ulike sider og yte sitt beste med humor og glede.

Inne og ute er det fysiske miljøet vårt allsidig, utfordrande og spennande, noko som inspirerer til utforskartrong, lek og aktivitet. Born og personale gler seg til å komme til barnehagen vår, der alle vaksne tek ansvar for felles mål. I arbeidet med borna legg vi vekt på å ta deira perspektiv, vere nærverande, lyttande og vi har god tid til lek, samtale og undring. Borna får strekkje seg gjennom utfordringar og dei får støtte når det trengst. Slik opplever dei meistring, vekst og utvikling, og dei blir verdsett for den dei er.

Vaksenmiljøet vårt gjev grobotn for personleg utvikling med utgangspunkt i interesser og styrkjeområde. Vi legg vekt på refleksjon og diskusjon, vi er fagleg oppdaterte og rammeplan og årsplan vert brukt i planlegging av innhald og organisering i barnehagen. Vi er opptekne av å ha god kontakt med foreldra, og ein open og god kommunikasjon der begge parter kjem med innspel og tilbakemeldingar som er viktige for samarbeidet.

3.2. Omsorg

Omsorg er nært knytt til tryggleik og helse, og er ein føresetnad for barn si utvikling, læring og danning. I barnehagen skal alle barn oppleve tryggleik og trivsel, og ha ei oppleving av det å høyre til. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik og innleving, og det skal komme til uttrykk i alle situasjonane i barnehagekvardagen; i leiken, i påkledning, måltid og stell. Vi skal sjå og forstå kvart enkelt barn. I barnehagen skal vi òg utvikle barna si evne til å vise omsorg, der dei skal lære seg å utvikle empati, nestekjærleik, tillit til seg sjølv og andre. Dette er grunnverdiar som er i tråd med Storevatn barnehagen sin visjon. Då vi ser på tryggleik, trivsel og tillit som avgjerande for barn si læring og utvikling.



3.3. Leik og læring

Leiken er viktig for barna si læring og utvikling, og den skal ha ein sentral plass i barnehagen. Barn leikar fordi det er lystprega, og det gjev meinig. Leiken er ein del av «den gode barndom» og motivera barna til læring. Når ein skal beskrive barnehagen sitt pedagogiske innhald kan ein ikkje komme utanom leiken. Leiken er vårt “læringsrom” og skal vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling. I barnehagen snakkar vi om ei heilskapleg læring, og



det er vanskeleg å skilje mellom leik og læring fordi barn lærer når dei leikar, og dei leikar når dei lærer.

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggst til grunn for læringsprosessane. Dette krev at dei vaksne er til stades og aktive i barna sine leik- og læringsprosessar. Vi i Storevatn barnehage har eit særskilt fokus på dette i vår fagleg satsing på gode inkluderande leik- og læringsmiljø. Vi prioriterer systematisk arbeid knytt til vaksenrolla i leiken og tilrettelegging av gode leikemiljø. Vi jobbar for at personalet i barnehagen skal vere bevisste si rolle i leiken, at dei er aktive, lyttande, interesserte og engasjerte i leiken saman med barna. På denne måten kan dei

vaksne utvide kunnskap og ferdigheiter hos barna, og vidare skape ny kunnskap og utvikle idear og ferdigheiter saman.

3.4. Venskap, fellesskap og danning

Barnehagen sitt samfunnsmandat er å formidle grunnleggande verdiar som fellesskap, omsorg og medansvar, og bygge eit miljø som ivareteke respekt for kvarandre og rett til å vere ulike.

Menneskeverd, likestilling, ytringsfridom og toleranse er verdiar som skal ligge i botnen for omsorg, leik og læring. Dette set yrkesetiske krav til oss vaksne, og vi diskuterer difor haldningar med jamne mellomrom. Ved å vere ansvarlege og gode vaksne som lyttar, støttar



og rettleiar skal vi legge eit grunnlag for barnet si forståing av seg sjølv i fellesskapet. I naturleg samspel, leik og

kvardagsliv vil danning og medverknad vere gjensidige prosessar. Såleis vil det å vere i, og samhandle i grupper over tid vere med på å stimulere til god sosial kompetanse.

Vi vil at barna skal oppleve å vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Vi prøver på ulikt vis å legge til rette for utvikling av venskap og sosialt fellesskap. Barna si sjølvkjensle skal støttast, samtidig som dei skal



få hjelp til å meistre balansen mellom å ivareta egne behov og det å ta omsyn til andre. Det å førebygge, stoppe og følge opp krenking, utestenging og uheldige samspelsmønster er og ein viktig del av dette.

4. BARNES MEDVERKNAD

Personalet er opne for barna sine innspel, og let dei erfare at dei får påverke eigen kvardag. Dei vaksne observerer og tek omsyn til korleis dei ulike barna uttrykker seg, og legg til rette for medverknad tilpassa alder, erfaringar, individuelle føresetnader og behov. Dei vaksne er opptekne av å gripe tak i barna sine egne interesser og tar dette med seg i barnehagen sine pedagogiske planar.

5. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og vurdering

Pedagogisk planlegging, dokumentasjon og vurdering går føre seg på fleire plan. Årsplanen er overordna og rettar seg etter lov om barnehagar (Barnehagelova) og Rammeplan for barnehagen. Vi har ulike møtefora der den pedagogiske verksemda vert planlagt og vurdert; personalmøter, leiarmøter og avdelingsmøter. Knytt til barnehagen si satsing på inkluderande leik- og læringsmiljø har vi og satt saman to ulike team, ei faggruppe og ei prosjektgruppe. Desse gruppene tar for seg det overordna arbeidet knytt til det faglege innhaldet i barnehagen, og fagleg utvikling i personalet. Dette for å kunne arbeide systematisk med felles mål og retning, og for å sikre god kvalitet i arbeidet vårt.

Til saman tek desse møta utgangspunkt i pedagogisk dokumentasjon, og i det å vere lydhøyre og merksame på barna sine opplevingar og interesser. Innspel og tilbakemeldingar frå foreldresamtaler, foreldremøter, SU, FAU, brukarundersøkingar og eigenvurderingar er inkludert i planlegginga av drift og pedagogiske innhald. Vi som arbeider i barnehagen utgjør eit team som utfyller kvarandre, og som vil at Storevatn barnehage skal vere ein god stad å vere for små og store.

5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy

Når det kjem til det faglege innhaldet i barnehagen er Rammeplan for barnehagen styrande for vårt arbeid. Dette er eit styringsdokument som ligg i botnen for alt vi gjer i barnehagen saman med barna. Vi er opptekne av å jobbe saman som *ein* barnehage og har stort fokus på fellesskap. Vi har derfor fagmøte ein gong i månaden der pedagogane frå alle avdelingane planlegg felles tema for heile barnehagen. Dette arbeidet tas vidare til avdelingsmøter, der alle team er saman om arbeidsmåtar og arbeidsverktøy for si avdeling, tilpassa alder og utvikling.

Vi ser på leiken som den viktigaste læringsarenaen til barna, då leiken fortel oss mykje om barna si læring, utvikling og sosialisering på ulike områder. Leiken er ein grunnleggjande menneskeleg aktivitet som både stimulera og interessera. I leiken skaffar barna seg erfaringar, dei utforska, prøvar ut, tileignar seg kunnskap og utviklar sjølvtilitt og beredskap for læring og utvikling. Vi ser på det som svært viktig å sette av tid til leik, og at det vert godt tilrettelagt for leik både inne og ute i løpet av

barnehagekvardagen. I tillegg til å jobbe aktivt i leiken saman med barna nyttar vi relevante arbeidsmåtar og verktøy barnehagen har tilgjengeleg.

6. SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

6.1. Det viktige samarbeidet

Lov og rammeplan for barnehagen framhevar det viktige samarbeidet mellom heim og barnehage. Det handlar om å utveksle observasjonar og vurderingar knytt til barnet si helse, trivsel, erfaringar, utvikling og læring. Vi ser barnet i ulik kontekst, og har nytte av å utveksle kunnskap som kan bidra til ei meir heilskapleg og nyansert oppleving som grunnlag for godt samspel med barnet. Dei uformelle- og daglege samtalene er ein viktig base for dette samarbeidet, i tillegg tilbyr vi to foreldresamtaler/utviklingssamtalar pr år, haust og vår. Vi inviterer og til ein oppstartssamtale når barnet byrjar som ny i barnehagen. Om det er naudsynt eller ynskje frå foreldre legg vi til rette for fleire samtalar. Der det er naudsynt tilbyr vi og tolk i samtalane.

Kvar haust inviterer vi til samarbeid gjennom foreldremøte. Dette er ein arena der foreldre og personale har moglegheit til å gå i dialog og arbeide i fellesskap om førebygging av psykososialt barnehagemiljø. I Kinn kommune driv vi eit arbeid med felles tema gjennom dialogsamlingar med foreldre, "Snakke saman – vere saman". Desse dialogsamlingane er tilpassa alle aldersnivå frå barnefødsel til og med ungdomsskule. I tillegg legg vi opp til ulike møteplassar for barna sine familiar iløpet av året; sommarfest, FN-markering, dugnad og liknande.

6.2. Foreldreråd og foreldrearbeidsutval (FAU)

For å sikre samarbeidet mellom barnehage og heim skal alle barnehagar har eit foreldreråd. Foreldrerådet består av foreldre/dei føresette til alle barna, og skal fremje deira felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø

FAU 2026

Foreldre-representant i FAU	Telefon	e-post
Maria S. Nygård – leiar (avd. Skogmusa)	99 78 47 62	Maria.nygard@live.no
Marte Hestdal Standal (avd. Skogmusa)	97 09 33 99	marthehs@hotmail.com
Stine Larsen (avd. Friluftsgruppa)	98 81 22 31	Stinekl85@gmail.com
Mari Aune Stuberg (avd. Tertitten)	99 47 58 43	marie.aune.stuberg@gmail.com
Oda Kristin Igland (avd. Løvetanna)	48 02 01 07	odaigland@hotmail.com
Emilie S. Verhage (avd. Trollfjell)	90 29 69 11	emilie.s.v@hotmail.com
Martine Jagedal Hallingstad (avd. Trollfjell)	99 48 13 46	martinejagedal@hotmail.com

6.3. Samarbeidsutval (SU)

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet er sett saman av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar i dei andre gruppene.

Barnehagen skal sørge for at viktige saker vert førelagt foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Til dømes godkjenning av årsplan.

7. TILVENNING OG OVERGONGAR

7.1. Når barnet begynner i barnehagen

Vi tilbyr dei nye barna saman med ein forelder å komme på besøk enkelte dagar på våren. Ved å tilbringe tid på avdelingane, og møte personalet, vert dei gradvis kjende med livet i barnehagen før dei byrjar for alvor på hausten. Dette har vi sett gjer tilvenninga på hausten enklare både for barna og foreldra. Når hausten kjem, og det er tid for barnehagestart, ser vi det som viktig at foreldre brukar god tid på tilvenninga til barnet i barnehagen. I samråd med personalet finn ein ut kor tid og korleis ein gradvis skal trekke seg ut. Korleis tilvenningstida blir vil vere individuelt, og ulikt frå barn til barn.

Primærbarn

For å gjere den første tida så trygg og god som mogleg, vil barna få tildelt ein primærkontakt når dei byrjar i barnehagen. Slik ynskjer vi å legge til rette for eit godt første møte med barnehagen, og de som foreldre vil og kunne stille spørsmål og få den informasjonen de treng. Dei tilsette vil då ha ansvar for eit fåtal born kvar. Fokus på få barn kan gjere det lettare å sjå og følge opp barna.

Primærkontakten skal:

- sikre at borna blir sett
- sikre at borna har hatt vaksenkontakt og gode opplevingar i løpet av dagen
- sikre at borna har nokon å leike med
- vere tilgjengeleg for god dialog med foreldra den første tida

Målet vårt er å legge til rette for *tryggleik, trivsel og tillit* for dei nye barna, men også for dei barna som kjem att frå ferie,- Vi brukar god tid til etablering av nye grupper på avdelingane. Vi vil då ha størst fokus på å leike saman med barna, vere nære og tilgjengelege, gje omsorg og legge opp til song og samling med barna slik at alle verte kjende med kvarandre. Dette vil vere viktig og avgjerande for at barna skal vere i god stand til å ta inn læring.

Det er viktig at barnet har rett og nok utstyr i barnehagen. Avhengig av alder ser vi at det kan vere naudsynt med dette utstyret i barnehagen:

- Vogn til å sove i, og varme klede (om barnet skal sove i vognskur)
- Stelleutstyr- bleier, salve

- Drikkeflaske (til vatn)
- 2 skift med inneklede + tjukk genser/bukse til kalde dagar
- Uteklede tilpassa årstid og vær- regnklede, dress, støvlar og gode sko, vottar og hue.

7.2. Samarbeid i barnehagen og mellom barnehagar

Rammeplanen legg stor vekt på gode overgangar og oppleving av samanheng, og vi har stort fokus på tryggleik og tillit i overgangane. Når barna skal flytte mellom avdelingar har vi utarbeidd tiltak for at dette skal opplevast trygt. Vi har til dømes fellessamlingar for alle avdelingane og planlagde besøk på ny avdeling frå påske og utover våren, som vi kallar overgangstrening.

Om eit barn skal bytte barnehage har kommunen utarbeidd ein instruks for å sikre at overgangen skjer på ein god måte. Dette inneber blant anna overføringssamtale mellom barnehagane.

7.3. Overgang frå barnehage til skule og SFO

Barnehagen og skulen samarbeider om å legge til rette for barna sin overgang frå barnehage til skule og SFO. I dei kommunale instruksane står det blant anna at barnehagen og skulen skal utveksle informasjon og legge opp til besøk. På vårparten går turane til friluftsgruppa vår til skulen sitt uteområde. Barna får leike og gjere seg kjende i skulegarden og i området rundt skulen, og dei får sjå elevar og lærarar. Slik verte barna kjende i det nye miljøet dei vidare skal ferdast i. Vi tenkjer at dette er med på å skape tryggleik hos kvart enkelt barn, og at dette bidrar til ein god overgangen til skulen.

Barnehagen tek og initiativ til besøk og omvisning i skulebygget saman med ein frå administrasjonen på skulen. Om det er barn som skal til andre skular vil og initiere til eit samarbeid og treffpunkt med dei.



8. LINK TIL NYTTIG INFORMASJON

Link til utdanningsdirektoratet, rammeplan for barnehagen:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Link til kinn kommune oppvekst:

<https://kinn.kommune.no/vare-tenester/oppvekst-og-utdanning/barnehage/>

Link til folkehelseinstituttet, sjuke barn:

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

Link til lov om barnehage:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Link til lov om barn og foreldre:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7>

Link til foreldreutvalget for barnehager:

<http://www.fubhg.no/>

9. Våre tilsette



Kathrine Zakariassen
Fagarbeidar



Mari Sveen
Assistent



Stine Andal Løseth
Pedagogisk leiar



Lars Berge Håland
Pedagogisk leiar



Aud Rasmussen
Fagarbeidar



Kirsti Brendefur Yndestad
Assistent



Vilde Kristine Fossheim Hennøy
Pedagogisk leiar



Karoline Orheim Pedersen
Pedagogisk leiar



Jannicke Østvik
Fagarbeidar



Tone Merete Brændø Osland
Pedagogisk leiar



Andrea Kløve Eikrem
Lærling, Barne og ungdom



Cecilie Olsen
Pedagogisk leiar



Ingeborg Vik
Pedagogisk leiar



Nina Sønnervik
Fagarbeidar



Oddrun Furesund
Fagarbeidar

 Michael Trondsen Lærings, Barne og ungdom	 Evy Cathrin Hennøy Pedagogisk leiar	 Kjetil Hafstad Pedagogisk leiar
 Hanne Elisabeth Truelsen Nydal Pedagogisk leiar	 Anne-Britt Rørvik Assistent	Tilsette som ikkje var tilstades under fotograferinga pr. 01.01.2026 Adrian Mulehavn, pedagogisk leiar Hege Merethe Johnsen, ped. leiar Terese Eirin Frøyen, Fagarbeidar Patrick Kinn Breidvik, Ped.leiar Salam Bashar Alatrash, Assistent Hanna Derbilova, Assistent I tillegg har vi faste gode tilkallingsvikarar

Administrasjonen:

 Styrar: Nina Steindal Tlf: 99 63 53 63 Epost: nina.steindal@kinn.kommune.no	 Assisterande styrar: Merete Helland Melsveit Tlf: 48 01 31 45 Epost: merete.melstveit@kinn.kommune.no
--	--

Årskalender – Storevatn barnehage

9. ÅRSKALENDER

